



Morgon på torget i Korosten, målet for hjelpesendinga som går 2. mars (Foto: Tormod Myklebust)

**Behovet for hjelp i Ukraina er like stort som før, ikkje minst denne vinteren som har vore beinkald. Det seier Vidar Akselsen i stiftinga THK (tru, håp og kjærleik) til uskedalen.no medan han er på heimreise frå landet. Som tidlegare er det meir klede, sko og sengklede ukrainarane treng først og fremst. Temperaturen har vore heilt nede på 28 grader. Men no skal uskedelingen Tormod Myklebust snart nedover med ei ny hjelpesending.**



Dei kom frå Bibelskulen i Korosten og syng i bedehuset i Uskedalen (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er Tormod og Johan Hallsjø Aarvik frå Stavanger som skal dra denne gongen, Dette blir sending nummer 4 i vinter ettersom det allereie har gått 3 lass med 15 tonn i kvar til Ukraina.. For Tormod blir dette sending nummer 6.

Sendinga som går til byen Korosten vil i sin heiheit vera samla inn i Kvinnherad. Det er første gang dette skjer og innsamlinga går føre seg førstkommande laurdag - 25. februar - etter denne planen:

- \* **Rosendal 10-11**
- \* **Uskedalen 11.30-12.30**
- \* **Husnes 13-14**
- \* **Halsnøy 14.30-15**

Sendinga startar så frå Noreg 2. mars og semitrailaren vil vera heime att 10 dagar seinare, opplyser Tormod. Uskedalen har hatt 'takkebesøk' tidlegare av 10 frå bibelskulen i Korosten som er eit sentralt mål for sendingane,

Tormod går ut frå at dei skal ha med returlast frå Polen, men har førebels ikkje fått melding om det.

Som før er det ved Grano folk skal møta fram med sekkane sine

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen